

Interpellasjon

Interpellasjonar er førespurnader som gjeld prinsipielle spørsmål, og interpellanten eller svararen kan fremme forslag. Interpellasjonen skal fremjast skriftleg til ordførar minst 10 dagar før møtet.

Interpellasjonar skal som hovudregel leggjast ved utsendinga av sakslista. Svar vert gjeve i møtet.

Interpellasjonen skal takast opp til handsaming etter at møtet er lovleg sett. Handsaming av interpellasjonar skal avgrensast til maksimalt 30 minuttar. Interpellant får ordet to gonger kvar, medan andre talarar kan få ordet ein gong kvar.

Ein interpellasjon som er sendt ut i tråd med reglementet kan voterast over på lik linje med ordinære saker om det inneheld eit framlegg til vedtak eller at ordførar fremmer eit forslag. Forslag som vert lagt fram i samband med ein interpellasjon kan ikkje avgjerast av møtet dersom møteleiar eller 1/3 av forsamlinga set seg imot dette.

Grunngjevne spørsmål

Grunngjevne spørsmål skal fremjast skriftleg til utvalsleiar minst fem verkedagar før møtet.

Spørsmålet til representanten skal delast ut til medlemmane og framførast munnleg etter møtet er sett. Svaret vert gjeve munnleg etter at møtet er sett. Det kan gjevast høve til tilleggsspørsmål og tilleggssvar.

Forslag kan ikkje fremjast i samband med grunngjevne spørsmål. Det vert maksimalt avsett 20 minuttar til grunngjevne spørsmål.